



Robert Smit Hald kjem i påska i staden (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ikveld skulle det ha vore låvefest på Dønhaug, men han vart avlyst og mange spør om grunnen til det. Magne Huglen opplysar at førehandssalet av bilettar var så sviktande at han ikkje turde ta sjansen på arrangementet.

Faktisk var det ikkje seld fleire enn 10 og det kunne ha ført til eit tap på 60 000-70 000 kroner hvis festen hadde gått etter programmet

- Så avlysinga hadde ikkje noko med dei dystre vermeldingane å gjera?
- Absolutt ikkje, eg var tidleg i veka på det reine med at det ville

bli brukbare vertilhøve denne kvelden, seier Huglen som no slepp med ein baksmell på 10 000-15 000. Han satsar no heller på påska.

Av Ola Matti Mathisen